

Sakshandsamar

Reidun K. Halland

Tlf. 57 78 20 01

Vår referanse

11/934 - JP 16/4669

Dykkar referanse**Dato**

11.05.2016

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Fv 4 Ånneland - Skipavik. Referat frå møte 05.04.2016 mellom Gulen kommune, Statens Vegvesen og Sogn og Fjordane fylkeskommune

Møtedeltakarar var

Frå Sogn og Fjordane fylkeskommune: Kåre Forslund og Dina Lefdal

Frå Statens Vegvesen: Eivind Yttri

Frå Gulen kommune: Hallvard Oppedal, Geir Haveland, Kjell Eide og Reidun K. Halland

Fylkeskommunen sitt hovudutval for samferdsle har gjort vedtak om å omklassifisere strekninga Fv4 Ånneland-Skipavika, lengde ca. 6,4 km. I den samheng skal vegen utbetrast før nedklassifisering.

Bakgrunn for møtet var at Gulen kommune har eit ynskje om å sjå sak om utbetring/omklassifisering av Fv 4 i samheng med bygging av ny veg Skipavika – Brandangersund.

Føremålet med møtet var å gå igjennom fakta og vurdere kva handlingsrom som ligg i saka.

Møtet starta med oppmøte ved Brandangersundbrua der det vart sett på traseen til ny veg som er planlagt frå brua og bort til Skipavika næringspark. Møtet fortsette deretter i Skipavika.

Gulen kommune si vurdering i saka:

Ein ny veg vil gi ei innkorting av avstanden frå Skipavika til Brandangersundbrua på om lag 5,5 km noko som er svært viktig med tanke på nyetableringar på næringsområdet. I tillegg vil den gå heilt utanom busetnaden på Sande. Bygda Sande vil også bruke den nye vegen både når dei skal inn til fastlandet og om dei skal til Byrknes. Dette vil gi svært liten trafikk på den eksisterande vegen, og Fylkeskommunen treng ikkje å ruste den opp før kommunen kan overta den. I motsett fall må det ein kraftig opprustning til før kommunen kan godta ei overtaking.

Kommunen ynskjer at fylkeskommunen sine tal for oppgradering må kvalitetssikrast. Den aktuelle vegstrekninga krev meir enn reasfaltering. Det vil vere av stor samfunnsnytte å få bygd ny veg, då det kan sjå ut som om kostnadane med det er lågare enn om ein skal til å ruste opp den gamle vegen.

Status for ny veg at det er utarbeidd reguleringsplan. Miljøvernavingdelinga hjå Fylkesmannen har imidlertid gått til motsegn grunna raudlista fugl i området. Det skal gjennomførast mekling i saka førstkomande fredag. Avhengig av meklingsresultat går reguleringsplanen anten til godkjenning i førstkomande kommunestyremøte eller vidare til departementet for endeleg avgjerd.

Sogn og Fjordane fylkeskommune si vurdering i saka:

Fylkeskommunen vurderer det slik at det ikkje er mogleg å sjå dei 2 sakene i ein samanheng. Administrasjonen forhold seg til eit vedtak frå 2012 om omklassifisering. Vidare vurdering vert om nedklassifisering skal gjennomførast eller ikkje. Administrasjonen er i utgangspunktet ikkje innstilt på at utbetringa skal innebere meir enn reasfaltering. Det er ikkje midlar til reasfaltering på 2016 budsjettet.

Ny veg vert ei eiga sak, og etter administrasjonen si vurdering må ny veg jobbe for å få prioritet i RTP. Arbeidet med planprogrammet for ny RTP er i gang, og ny RTP skal ut på høyring til kommunane neste sommar.

Vegen vidare:

Etter at møtet no er gjennomført vert saka på nytt lagt fram for hovudutval for samferdsle. Saka vert truleg lagt fram for hovudutvalet i juni eller september.

Med helsing

Reidun K. Halland
Rådmann

Dette brevet er godkjent elektronisk i Gulen kommune og har derfor ingen signatur.